



ULSTEIN KOMMUNE

Vår referanse: 19/10379 19/10399

Saksbehandlar: Arne Runar Vik

Dato: 07.06.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
80/19	Formannskapet	18.06.2019

Oppstart av arbeid med levekårsplan 2020 - 2032

Samandrag:

I Ulstein kommune sin planstrategi for 2016 – 2020 går det fram at levekårsplanen skal rullerast i 2018. Det var ikkje administrativ kapasitet til å starte i fjar, men no skal arbeidet kome i gong. Rådmannen rår til at levekårsutvalet får fullmakt til å godkjenne planprogram, leggje planframlegg ut til offentleg ettersyn, vere styringsgruppe og ha elles ha funksjonane som administrasjonen sitt nærmeste politiske rådgjevings- og avgjerdssorgan i prosessen.

Formannskapet 18.06.2019:

Behandling:

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

FOR- 80/19 Vedtak:

Ulstein formannskap startar opp arbeidet med «levekårsplan for Ulstein kommune 2020-2032», jf. plan- og bygningslova (tbl) §§ 11-1 og 11-2.
Formannskapet vidaredelegerer sitt mynde som kommuneplanutval for arbeid med levekårsplanen til levekårsutvalet. Dette gjeld t.d. fullmakt til å godkjenne planprogram, å leggje ut planframlegg til offentleg ettersyn, vere styringsgruppe for planarbeidet og elles ha funksjonane som administrasjonen sitt nærmeste politiske rådgjevings- og avgjerdssorgan i prosessen.

Rådmannen si tilråding:

Ulstein formannskap startar opp arbeidet med «levekårsplan for Ulstein kommune 2020-2032», jf. plan- og bygningslova (tbl) §§ 11-1 og 11-2.

Formannskapet vidaredelegerer sitt mynde som kommuneplanutval for arbeid med levekårsplanen til levekårsutvalet. Dette gjeld t.d. fullmakt til å godkjenne planprogram, å leggje ut planframlegg til offentleg ettersyn, vere styringsgruppe for planarbeidet og elles ha funksjonane som administrasjonen sitt nærmeste politiske rådgjevings- og avgjerdssorgan i prosessen.

Saksopplysningar:

Saka gjeld oppstart av planarbeid for revisjon av levekårsplanen for Ulstein kommune.

Gjeldande levekårsplan for Ulstein kommune vart godkjent i kommunestyret 2014 og er gjeldane for perioden 2013-2020. Det er i planstrategien for Ulstein vedteke å starte opp arbeidet med levekårsplanen i 2018, i samsvar med dei formelle krava til planprosess for kommunedelplanar.

I planstrategien står der følgjande om levekårsplanen:

Denne omfattar store kommunale tenesteområder som oppvekst, helse, omsorg, sosial og kultur. Planen trekkjer fram viktige arenaer, både eksisterande og under planlegging, og arrangement som er med å engasjere befolkning allereie frå ung alder. I samband med dette skal det gjennomførast ein samfunnsanalyse som er meint å tene som ein referanseramme. Det skal kartleggast kva som har vore typiske utviklingstrekk for Ulstein kommune og kva som kan forventast å bli utviklinga framover, samt tilhøyrande utfordringar og konsekvensar for den kommunale produksjonen av tenester. Levekårsplanen var vedteken i kommunestyret i 2013. Planen har som mål å skape samhandling og tverrsektorielt samarbeid for å skape gode løysingar for utviklinga av lokalsamfunnet. Rullering vil skje i 2018. Ved rullering skal mindre planar som tema- og sektorplanar innlemmast i Levekårsplanen

Følgjande framdriftsplan vert lagt til grunn for utarbeidinga av Levekårsplanen:

Tidsrom 2019-2020	Aktivitet
Juni 2019 September 2019 Oktober 2019	Innleiande arbeid: <ul style="list-style-type: none">· Oppstartsmøte, varsel om oppstart· Utarbeiding av planprogram· Sende ut planprogram for høyring og offentleg ettersyn i 6 veke.· Arbeide med samfunnsanalyse
Oktober 2019 – januar 2020 Februar 2020	<ul style="list-style-type: none">· Utarbeide planforslag· Sende planforslag på høyring og offentleg ettersyn i minimum 6 veker.
Februar/mars 2020	<ul style="list-style-type: none">· Arbeide med innspel· Folkemøter
April – mai 2020 Juni 2020	<ul style="list-style-type: none">· Arbeide med siste del av planen· Endeleg vedtak i kommunestyret.· Kunngjering av levekårsplanen

Framdriftsplanen vil kunne bli endra undervegs i prosessen.

Det er etablert ei administrativ prosjektgruppe som har denne samansetninga:

Kommunalsjef oppvekst Gry Nordal

Kommunalsjef helse og omsorg Marit Botnen

Kultursjef Leif Ringstad

Planleggar Cecilie Roppen

Interkommunal samfunnsplanleggar Jarand Holtekjølen Dugstad

Vurdering og konklusjon:

Det er viktig å få revidert planen med sikte på vidareføring av intensjonen i tidligare plan, implementere nye føringer frå statlege og regionale nivå og nye utfordringar for Ulstein samfunnet. Den nye kommunedelplanen for levekår vil vera gjeldane for perioden 2020-2032, men det blir lagt opp til rullering etter nærmare fastlagt plan.

Levekårsplanen omfatte store delar av det kommunale tenesteområde som oppvekst, helse, omsorg, sosial, teknisk og kultur. Planen trekkjer fram viktige arenaer, både eksisterande og under planlegging, og arrangement som er med å engasjere befolkning allereie frå ung alder. Under arbeidet med planen skal det gjennomførast ei analyse der det skal kartleggast kva som har vore typiske utviklingstrekk for Ulstein kommune og kva som kan forventast å bli utviklinga framover, samt tilhøyrande utfordringar og konsekvensar for den kommunale produksjonen av tenester. Levekårsplanen skal skape støre samhandling mellom dei ulike sektorane for å skape gode løysingar for Ulsteins samfunnets framtidige problem.

Under planarbeidet med levekårsplanen er aktivering av innbyggjarane i kommunen, avgjerande i å gje verdifulle innspel i kartlegginga av Ulstein samfunnet. I følgje plan- og bygningslova har kommunane eit særskilt ansvar for brei medverknad, der Ulstein kommune vil nyte seg av plattformar, der alle grupperingar i Ulstein samfunnet skal kunne gje innspel. Innspel, synspunkt, merknadar vil verta tatt til vurdering.

I denne valperioden har det vore gjennomført folkemøte i alle krinsar i perioden februar / april. Det vil vere gunstig å ha planframlegget klart til offentleg ettersyn slik at det kan presenterast og med høve til innspel og merknader i tilknyting til folkemøta om dette blir vidareført på same måte i komande valperiode.

Likestillingsmessige sider ved saka: Vert ein del av vurderingane i planarbeidet.
Konsekvensar for folkehelsa: Dette vert tema i planarbeidet.

Miljøkonsekvensar: Dette vert tema i planarbeidet, men kanskje det som får klarast fokus i denne planen.

Økonomiske konsekvensar: Tiltak og prioriteringar i planarbeidet vil måtte følgjast opp med økonomiske løyvinga knytt til arbeidet med økonomiplan og årsbudsjett.

Beredskapsmessige konsekvensar: Avgrensa

Konsekvensar for barn og unge: Svært viktig gruppe i planarbeidet

Namn
Rådmann

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk etat